

Detaljreguleringsplan for Rauland Elektriske Føresegner

I medhald av plan- og bygningslova av 27. juni 2008, nr. 71, § 12, er det utarbeidd detaljreguleringsplan for Rauland Elektriske, PlanID 20110001, Vinje kommune, Telemark.

Reguleringsføresegnene gjeld for området synt med plangrense på plankartet «Detaljreguleringsplan for Rauland Elektriske, PlanID 20110001», Vinje kommune, Målestokk 1:1000, datert 12. januar 2011. Innanfor reguleringsgrensa skal areala nyttast som vist på planen. Vedteken plan er bindande for arealbruk, frådeling og byggje- og anleggsverksemd innan planområdet.

3.1 Felles føresegner

- a) All graving og sprenging i terrenget skal gjerast på ein måte som etterlet ein tiltalende ny terrengsituasjon. Område som ikkje skal nyttast til veg, parkering, byggegrunn eller uteareal skal revegeterast innan 1 år. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på der det ikkje er naudsynt å gjennomføre terrengtiltak.
- b) Anleggsarbeid skal ikkje skje i påska (Skjærtorsdag - 2.påskedag), pinse (pinseaftan – 2.pinsedag), jul (julaftan - 2. juledag), eller nyttårshelg.
- c) Varige leidningar og straumkablar skal leggst i vegtraseane. Ein kan ha mellombels VA leidningar andre stader i påvente av etablering av nye vegtraséar.
- d) Dersom ein ved tiltak i marka støyter på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jf § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978.

3.2 Rekkjefølgjeføresegner

- a) Fortauget Sf1 skal etablerast samstundes som Juvlandsvegen byggjast om i tråd med RPL Rauland sentrum. Utforming skal fylgje TG11 i RPL Rauland sentrum.
- b) Fortauget Sf2 skal etablerast samstundes som fortaug i TG8/TG10 byggjast i tråd med RPL Rauland sentrum. Utforming skal fylgje TG8/10 i RPL Rauland sentrum.
- c) Køyreveg Sk skal ikkje etablerast føre vegsambandet nord og/eller vest for planområdet er etablert i tråd med RPL Rauland sentrum. Inntil då kan eksisterande Gamleveg nyttast.
- d) Det er høve til å opparbeide Sp mellombels inntil nye Juvlandsvegen er bygd i tråd med RPL Rauland sentrum. Seinast eitt år etter etablering av nye Juvlandsvegen skal Sp vere ferdig opparbeidd i tråd med planen.

3.3 Busetnad og anlegg

3.3.1 Forretningsverksemd, BF

- a) Det kan gravast ned straumkablar og kommunaltekniske anlegg.
- b) Før bygge- eller anleggstiltak vert sett i gang skal det utarbeidast teikningar og skisser, om naudsynt illustrasjonsplan og teknisk plan, som syner detaljert dei tiltak som skal setjast i verk. Teikningar skal vere ferdige før utbygging tar til, og skal leggjast fram for kommunen for godkjenning.
- c) Det er høve til å lage støttemurar av naturstein til terrassering. Murhøgda skal ikkje overstige 2,0 m.
- d) Ikkje utbygde delar av tomta/byggjeområdet skal gjevast ei tiltalande utforming.
- e) Ved planlegging av busetnad i planområdet skal ein vurdere alternative oppvarmingsløyisingar til straum og olje, dvs fornybare energikjelder.
- f) Bygg skal vere av tre med ståande kledning. Grunnmurar kan vere pussa eller forblenda med naturstein. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med matt overflate.
- g) O.k. innvendig golvhøgde skal ikkje liggje lågare enn 727,50 m.o.h.
- h) Bygg skal ha takvinkel mellom 24 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 11,0 meter, gesimshøgda skal ikkje overstige 7,4 meter.
- i) Utnyttingsgraden setjast til %BYA=70%.
- j) Det skal opparbeidast min. 12 kundeparkeringsplassar og 12 oppstillingsplassar til tenestebilar/tilsetteparkering. Desse skal lokalisrast innanfor føremål relatert til samferdsleanlegg innanfor planområdet.

3.4 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

3.4.1 Køyreveg, Sk

- a) Køyrebana kan asfalterast eller på annan måte leggjast fast dekke på.
- b) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.
- c) Føremålet skal vere privat.

3.4.2 Fortaug, Sf

- a) Stigning/fall skal ikkje overstige 1:15. Overflata skal vere av asfalt eller annan type fast belegg.
- b) Føremålet skal vere offentleg i Sf1 og Sf2. Det skal vere privat i Sf3.

- c) Det er høve til å etablere natursteinsmur mot Sp innanfor føremålet.
- d) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

3.4.3 Gang- og sykkelveg, Sgs

- a) Stigning/fall skal ikkje overstige 1:10. Stien kan få eit dekke av grus 0-8 mm eller asfalterast.
- b) Føremålet skal vere offentleg i Sgs1. Det skal vere privat i Sgs2.
- c) Det skal vere høve til køyring frå Sk via Sgs2 og opp mot sørvestre endepunkt på Sgs1 for varebilar, som ikkje kan snu innanfor Sk/Bf. Det skal vere stengd for gjennomkøyring resten av Sgs1, men det skal vere høve til køyring for vedlikehalds- og utrykningbilar. Dette skal skiltast eintydig og i samsvar med «FOR 2005-10-07 nr 1219: Forskrift om offentlige trafikkskilt, vegoppmerking, trafikklyssignaler og anvisninger (skiltforskriften)».
- d) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

3.4.4 Annan veggrunn – grøntareal, Sav

- a) Arealet innanfor føremålet kan brukast til terrenginngrep som er naudsynt til etablering av trafikkanlegg i SK, Sgs, SP.
- b) Det skal ikkje leggjast til rette for bilparkering.
- c) Terrenget skal revegeterast innan eitt år etter at trafikkanlegget inntil er ferdigstilt.
- d) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

3.4.5 Parkering på grunnen, Sp

- a) Parkeringsplassen kan asfalterast eller på annan måte leggjast fast dekke på.
- b) Føremålet skal vere privat.
- c) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

Vinje, den 12. januar 2011

For Plankontoret Hallvard Homme AS


Alexander Stettin
Landskapsarkitekt M.N.L.A.

Revisjon A: 03.06.2011

Detaljplan Rauland Elektriske
PlanID 20110001

Varsel om oppstart av planarbeid:	29.11.2010
1. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	26.01.2011
Utlagt til offentlig ettersyn i tidsromet:	
2. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	27.04.2011
Eigengodkjent i kommunestyret den:	19.05.2011

Stad, Dato

Sign.

Stempel